
Notat.

Vår ref.
03/01093-001/OTALB


Arkivkode.
044

Dato.
15.10.2003

FØREBELS DELEGERINGSREGLEMENT FOR VESTNES KOMMUNE

Etter vedtak i k-sak 31/03, den 26. juni 2003.

FØLGJER SOM EIGE DOKUMENT (11 SIDER)



FØREBELS

DELEGERINGSREGLEMENT

FOR

VESTNES KOMMUNE

Vedteke:
Justert:

Utarbeidd på grunnlag av vedtak i K-sak 031/03, 26.06.2003
Vestnes 19.09.03/13.10.03.

DEL I – KOMMUNESTYRET

Vestnes kommunestyre er kommunen sitt øvste politiske organ, med overordna ansvar for heile verksemda til Vestnes kommune. Kommunestyret skal velje satsingsområde, prioritere tiltak og legge til rette for ei best muleg tenesteyting til innbyggjarane i kommunen.

Dette delegeringsreglementet fastset plasseringa av mynde og ansvar i organisasjonen.

1.0. Saker som skal avgjerast av kommunestyret SJØLV.

1.1. Saker som i medhald av kommunelova skal *behandlast* og avgjerast av kommunestyret.

Dette gjeld:

- § 7 nr. 3: Endring av *talet på representantar i kommunestyret.*
- § 8 nr. 1: Val av formannskap.
- § 9 nr. 1: Val av varaordførar.
- § 10 nr. 1-3: Opprette faste utval, fastleggje arbeids- og myndeområde for desse (v/reglement), samt velje medlemmer, vamedlemmer, leiar og nestleiar.
- § 11 nr. 1: Opprette særskilt styre for kommunal bedrift, institusjon o.l.
- § 12 nr. 1-3 Avgjerder om kommunedelsval.
- § 13: Overføre mynde i hastesaker.
- § 18 nr.1 og 3: Innføring og oppheving - parlamentarisme.
- § 19 nr.1 og 3: Innføring og val, m.v. av kommuneråd.
- § 22 nr. 2: Tilsetjing av administrasjonssjef.
- § 24 nr. 3: Vedtak om åremåltilsetjing i leiande administrative stillingar.
- § 25 nr. 2: *Val av kommunen sine* medlemmer, leiar og nestleiar i partssamansette utval.
- § 26 nr. 4: Retningsliner for møterett for tilsette sine representantar *i nemnderl.*
- § 28: Overdraging av tariffmynde.
- § 31 nr.4 og 5: Vedtak om *å halde* møte "for lukka dører".
- § 39 nr. 1: Reglar (i form av reglement) for saks*behandlinga* i folkevalde organ.
- § 41: Reglar og satsar for godtgjersle.
- § 42: Vedtak om møtegodtgjersle.
- § 43: Vedtak om pensjonsordning for folkevalde.
- § 44 nr. 6: Vedtak *om* økonomiplan og endringar av denne.
- § 45 nr. 2: Vedtak *om* årsbudsjett og vesentlege endringar i rammene for det.
- § 48 nr. 3: Disponering av rekneskapsmessig overskot.
- § 50: Vedtak om låneopptak/godkjenning av låneramme.
- § 51: Vedtak om å gje garanti.
- § 60 nr.2 og 5: Val av kontrollutval, val av medlemmar, leiar og nestleiar.

1.2. Saker i medhald av forvaltningslova:

- § 28, 2. ledd: Vedtak om klageorgan, og val av medlemmer til dette organet.

1.3. Vedtak i medhald av skattelova:

- § 139: Vedtak om skattesatsar for formue og inntekt.

1.4 Saker i medhald av plan- og bygningslova:

- § 4: Fastsetting av vedtekt.
- § 20-5: Vedta kommuneplan.
- § 27-1 og 2: Vedta reguleringsplanar.
- § 27-3: Klagehandsaming vedkomande reguleringsplanar.
- § 30: Vedta private reguleringsplanar som er avslått *fremja* av det faste utvalet for plansaker.
- § 35 nr. 2: Vedtak om oreigning av areal utanom reguleringsplan eller "bebyggelsesplaner".
- § 36: Vedtak om oreigning uavhengig av reguleringsplan.
- § 37: Vedtak om oreigning til vatn- og avløpsleidningar m.v.
- § 69 nr. 4: Vedta at det faste utvalet for plansaker kan samtykke i frikjøp av parkeringsplassar.
- § 109: Fastleggje gebyr-regulativ for handsaming av diverse søknader som etter denne lova, forskrift eller vedtekt ligg til det kommunale bygningsmyndet å utføre.

1.5 Andre særlovssaker som skal avgjerast av kommunestyret.

- 1.5.1 Alkohollova:
 - Fastlegging av talet på skjenkestadar.
- 1.5.2 Friluftsløva:
 - Eventuell oppretting av friluftsnemnd (§ 23).
- 1.5.3 Lov om motorferdsel i utmark:
 - Eventuell kommunal forskrift (§ 5).
- 1.5.4 Lov om Den norske kirkes ordning:
 - Val av kommunen sitt medlem i fellesrådet.
- 1.5.5 Veglova:
 - Vedtak om bygging, opptak eller nedlegging av kommunal veg (§ 5-7)
- 1.5.6 Lov om eigedomsskatt:
 - Vedtak om utskrivning av eigedomsskatt i kommunen.
- 1.5.7 Lov om kommunale vatn- og kloakkavgifter:
 - Vedta forskrift om storleiken på avgiftene, samt nærare reglar for gjennomføring av avgiftsvedtaket og innkrevjing av avgifta.
- 1.5.8 Forureiningslova:
 - Fastsetje kommunalt gebyr for innsamling, mottak, oppbevaring og handsaming av avfall.
- 1.5.9 Brannvernlova:
 - Fastsetje feieavgift.
- 1.5.10 Delingslova:
 - Fastsetje gebyr for kart- og delingsforretning og for anna arbeid etter delingslova.
- 1.5.11 Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd:
 - Val og samansetjing av kommunalt eldreråd.
- 1.5.12 Lov om opningstider for utsalsteder:
 - Fastsetje stengetid etter § 1.
- 1.5.13 Vallova:

Velje valstyre, leiar og nestleiar og fastsette talet på stemmekrinsar (Vallova §§ 4-1 og 9-3).

1.5.14 Øvrige lovfesta oppgåver i tråd med til ein kvar tid gjeldande lovgjeving.

1.6 Ikkje lovfesta saker, men som ut frå prinsipielt innhald og /eller omfang skal *behandlast* av kommunestyret.

- 1.6.1 Vedtak om nye tiltak, eller vesentleg utviding av igangverande/eldre tiltak. Vedtak om omlegging eller vesentleg reduksjon av eit tiltak. Dette punktet gjeld både drifts- og kapitalbudsjettet.
- 1.6.2 Prinsipielle vedtak om kjøp, sal, makeskifte eller pantssetting av fast eigedom.
- 1.6.3 Langsiktige avtalar av prinsipiell art.
- 1.6.4 Vedta den politiske strukturen og hovudlinene i den administrative strukturen. Fastsette talet på sektorar og avdelingar.
- 1.6.5 Vedta reglement for kommunestyret, *formannskapet* og hovudstyra sin møteorden.
- 1.6.6 *Behandle* saker som ordføraren eller eit fleirtal av medlemene i kommunestyret sjølv avgjer.

1.7 Saker vedrørande arbeidsgjevarfunksjonen.

- 1.7.1 Overordna arbeidsgjevarpolitikk
- 1.7.2 Personalpolitiske mål og retningsliner.
- 1.7.3 Handlingsplan for arbeidsmiljøtiltak.
- 1.7.4 Total stillingsramme for kommunen i samsvar med årsbudsjettet.

1.8 Anna

- 1.8.1 Vedta normalreglement for kommunen sitt beredskapsarbeid vedkomande organisering, ansvarsfordeling og mynde for dette arbeidet i kommunen.
- 1.8.2 Klagesaker etter særlov der kommunestyret er lovfesta klageorgan.
- 1.8.3 Ankesaker frå hovudutvala. (Minimum 3 representantar frå vedkomande *utval* kan krevje å få ei sak realitets*behandla* av kommunestyret).

DEL II - FORMANNSKAPET

2.0. Generelt.

I tillegg til oppgåver fastsett i kommunelova, er formannskapet kommunen sitt plan- og utviklingsstyre (K-sak 031/03), kommunen sitt faste utval for plansaker (Plan og bygningslova § 9-1) og kommunen sitt utval for rammevilkår.

Formannskapet har ansvar for all overordna planleggjing i kommunen, det skal samordne rammevilkåra for alle kommunale tenester og ytingar og styre utviklingsarbeidet.

Formannskapet skal behandle alle forvaltningssaker som er prinsipielle og fatte vedtak der slikt mynde ikkje er lagt til kommunestyret.

Formannskapet skal løyse sine oppgåver innanfor dei økonomiske rammer som til ei kvar tid er fastsett av kommunestyret.

Formannskapet er tillagt budsjettmynde for drifts- og kapitalbudsjettet innanfor sine arbeidsområde, og i det omfang sentrale forskrifter gjev høve til det.

Minst tre representantar i formannskapet kan i saker der formannskapet har avgjerdsrett, anke saka opp til endeleg avgjerd i kommunestyret. Dette gjeld ikkje saker etter kommunelova § 13 nr. 1 (hastesaker), valstyresaker og klagenemndsaker.

2.1. Saksområde.

Formannskapet har både lovpålagte oppgåver som formannskap og oppgåver det er tillagt etter vedtak i kommunestyret:

2.1.1. Saker i medhald av kommunelova:

§ 8, nr.3: *Behandle* framlegg til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak.

§ 13, nr.1: Gjere vedtak i "hastesaker".

§ 24, nr.1: Opprette og ta bort stillingar.

2.1.2. Saker i medhald av plan- og bygningslova og planlegging etter særlover:

2.1.2.1. Ha ansvar for løpande kommuneplanlegging med sikte på å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga i kommunen.

2.1.2.2. *Vere kommunen sitt faste planutval*

2.1.3 Funksjon i medhald av vallova:

2.1.3.1 Fatte naudsynte vedtak som valstyre, deriblant også oppnemne stemmestyra med leiar og nestleiar.

2.1.4 Delegerte saker i medhald av alkohollova:

2.1.4.1 Avgjere einskildbevillingar delegert frå kommunestyret og som ikkje kan delegerast til anna organ.

2.1.4.2 Gjere vedtak om inndraging av skjenkeløyve for tidsrom som går over ein månad.

2.1.4.3 Gjere vedtak om utviding av skjenkelokale for arrangement som ikkje omfattar slutta lag.

2.1.5 Saker etter skattebetalingslova § 42:

2.1.5.1 Saker om utsetjing og ettergjeving av skattar som ikkje er delegert til særskilt skatteutval eller der mynde ligg til statleg nivå.

2.1.6 Arbeidsgjevpolitikkk og personalsaker:

2.1.6.1 Opprette og ta bort faste stillingar innanfor heile kommunen si verksemd i den grad det ikkje er delegert til administrasjonssjefen.

2.1.6.2 Avgjere ankesaker frå administrasjonsstyret/ partsamansett utval.

2.1.6.3 Legge fram overordna reglement for personalforvaltninga for kommunestyret.

2.1.7 Næring- og sysselsetting.

- 2.1.7.1 Formannskapet utarbeider planar for kommunen sin nærings- og sysselsettingspolitikk og er tillagt ansvaret for gjennomføring av næringsstiltaka innanfor rammer fastsett av kommunestyret.
- 2.1.7.2 *Styre* kommunen sitt samla tiltaksapparat på tvers av fagområde.
- 2.1.7.3 *Behandle* nærings saker som er prinsipielle og difor ikkje er delegert til ordførar og utval.
- 2.1.7.4 Saker i medhald av handelslova.

2.1.8. Saker etter andre særlover med forskrifter.

- 2.1.8.1. *Behandle og fatte forvaltningsvedtak innanfor særlover med forskrifter, der dette ikkje er delegert til andre.*

Dette vil gjelde følgjande lover:

- *Opplæringslova*
- *Lov om barnehagar*
- *Lov om folkebibliotek*
- *Lov om nærkringkasting*
- *Lov om film og videogram*
- *Lov om stadnamn*
- *Lov om kulturminne*
- *Lov om lotterier m.v.*
- *Lov om sosiale tenester*
- *Lov om helsetenesta i kommunen*
- *Lov om barnevern*
- *Lov om næringsmiddelkontroll*
- *Avviklingslova (ansvarsreforma for psykisk utviklingshemma)*
- *Alkohollova (m.a. ansvar som kontrollutval for skjenking og sal av alkohol)*
- *Lov om hotell*
- *Lov om eldreråd*
- *Plan- og bygningslova*
- *Lov om kartlegging, deling og registrering av grunneiendom (Delingslova)*
- *Lov om brannvern m.v.*
- *Lov om brannfarlege varer*
- *Lov om eksplosive varer*
- *Lov om vern mot forurensningar og om avfall (Forureiningslova)*
- *Vegtrafikklova*
- *Lov om samferdsel*
- *Veglova (med unntak av saker etter § 5-7 som må avgjerast i kommunestyret)*
- *Grannelova*
- *Hammesaker*
- *Konsesjonslova*
- *Odelsova*
- *Forpaktningsova*
- *Jordlova*
- *Skoglova*
- *Lov om motorferdel i utmark*
- *Lov om friluftsliv*
- *Laksefiskelova*
- *Viltlova*
- *Lov om heimevernet*

- *Øvrige lovfesta oppgaver innanfor dei ulike saksområda som ikkje i lov eller delegeringsreglement er lagt til kommunestyret sjølv eller eit anna utval.*

2.1.9 Saker som blir *behandla* i hovudstyre eller andre utval og som medfører økonomiske konsekvensar for kommunen som ikkje er budsjettert, skal alltid behandlast av formannskapet.

2.1.10. Formannskapet er kommunen si EDB-nemnd og har ansvar for EDB-drifta i kommunen. *(redigeringsmessig endring av punktet)*

2.1.11 *Formannskapet er kommunen si klagenemnd etter Forvaltningslova § 28.*

DEL III – HOVUDSTYRA

Kommunestyret har organisert drifta av kommunen gjennom 2 hovudstyre:

- *Driftsstyret*
- *Administrasjonsstyret, som er eit partsamansett utval*

I tillegg kjem dei oppgåvene formannskapet har som plan- og utviklingsstyre (K-sak 031/03)

- *Hovudstyra får mynde til å gjere vedtak innanfor styret sitt saks- og ansvarsområde når avgjerdsmyndet ikkje er lagt til andre organ*
Nye tiltak og vesentleg utviding/reduksjon av igangverande tiltak skal leggest fram for kommunestyret.
- *Hovudstyra får tildelt økonomiske rammer av kommunestyret. Desse rammene er bindande for budsjettåret. Styra har fullmakt til å gjere justeringar og endringar innanfor dei vedteke rammene når drifta krev dette.*
- *I saker som gjeld vedteke årsbudsjett har hovudstyra mynde til å delegere vidare til administrasjonssjefen.*
- *Hovudstyra har direkte innstillingsrett til kommunestyret i saker som etter lov eller reglement ikkje først skal behandlast av formannskapet.*
Saker som gjeld økonomi utover vedteke budsjett, skal saka alltid først gå til formannskapet.
- *Der saker skal samordnast av formannskapet og avgjerast av kommunestyret, skal hovudstyra førebu sakene og tilrå avgjerd i prinsipielle spørsmål innanfor dei ulike ansvarsområda.*
- *Hovudstyra skal behandle dei faste økonomirapportane som gjeld deira ansvarsområde*
- *Hovudstyra har rådgjevande mynde i saker som gjeld økonomiplan, årsbudsjett og elles i vesentlege saker som vedkjem styret sitt arbeids- og ansvarsområde*

3.0. Driftsstyret.

- *Driftsstyret er kommunen sitt ansvarlege utval for gjennomføring av drifta innanfor vedteke årsbudsjett innanfor alle sektorar, når dette ansvaret ikkje er lagt til andre.*

3.0.1. Saksområde.

Saksområdet omfattar saksområda til dei 3 tidlegare fagstyra (skule & kultur, teknikk & miljø og helse & sosial).

Dette omfattar fagområda:

- *Undervisning*
- *Barnehage*
- *Kultur*
- *Helsevern*
- *Pleie- og omsorg*
- *Førebyggjande helsearbeid*
- *Sosial omsorg*
- *Barnevern*
- *Teknisk utbygging og drift*
- *Samferdsel og kommunikasjon*
- *Fysisk miljøvern*
- *Naturforvaltning*
- *Andre fagområde som seinare blir lagt til driftsstyret etter eige vedtak*

3.0.2. Politisk ansvar og mynde.

Driftsstyret skal behandle og gjere vedtak innanfor alle typer kommunale tenester, med mindre desse sakene i følge lov eller reglement skal gå til kommunestyre, formannskap eller andre organ til endeleg avgjerd.

- *Alle typer tilskot, stipend etc som har pengar avsett på årsbudsjettet. (Unnanteke er støtteordningar til dei tilsette som blir behandla av administrasjonsstyret, og tildeling av kulturprisen som blir behandla av ei eiga nemnd)*
- *Ressurstildeling (timar) til grunnskulen, spesialpedagogiske tiltak, spesialpedagogiske tiltak for førskulebarn m.v.*
- *Alle spørsmål vedrørande skuleskyss*
- *Aktivitetsplanar for den enkelte driftseining*
- *Årsmeldingar frå driftseiningane*
- *Rekneskapsrapportar frå driftseiningane*
- *Budsjettendringar innanfor vedteke årsbudsjett*
- *Tilsynsrapportar for den enkelte driftseining*
- *Retningsliner for disponering, drift og vedlikehald av kommunal eigedom*
- *Fastsetting av avgifter, gebyr, husleiger etc som ikkje allereide er fastsett gjennom årsbudsjettet*
- *Løpande driftssaker i samband med feiartenesta, brannvernet, renovasjon, hamnevesen etc.*
- *Andre saker vedrørande drifta i budsjettåret.*

3.0.3. Tilbakemelding til kommunestyret.

- *Driftsstyret skal utarbeid tertialrapportar som viser utviklinga i budsjettforbruket. Rapportane skal leggjast fram for kommunestyret.*

3.1. Administrasjonsstyre/partsamansett utval

3.1.1. Saksområde.

Saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

3.1.2. Politisk ansvar og mynde

- Arbeidsoppgåver i medhald av kommunelova § 25, hovudavtalen og mynde gjeve av kommunestyret gjennom eigne vedtak eller reglement.
- Hovudansvar for alle personalsaker innanfor heile kommunen si verksemd for å sikre ein heilskapleg arbeidsgjevar- og personalpolitikk.
- Fatte vedtak i personalsaker som er prinsipielle og dermed ikkje kan avgjerast administrativt.
- Gje eventuelle retningsliner for utøving av det delegerte mynde i personalsaker, av ikkje prinsipiell art, som er lagt til administrasjonssjefen sitt mynde.
- Administrasjonsstyret skal vere ankeinstans for tilsettings saker der administrasjonssjefen har tilsettingsmynde.
- Behandle prinsipp saker i likestillingsspørsmål for heile kommunen si verksemd, jamfør likestillingslova.
- Gje fråsegn til formannskapet i saker som vedkjem organisasjonen og/eller dei tilsette i tilknytning til økonomiplan og årsbudsjett.
- Vedta opplæringsplanar og andre planar for personalutvikling.
- Utpeike forhandlingsutval som får ansvaret for å slutføre lønstingingar m.v. med unntak for 5.4 (leiargruppa), innanfor godkjent økonomisk ramme.
- I saker der utvalet har avgjerdsmynde kan eit vedtak i det partsamsette utvalet ankast til formannskapet dersom eit mindretal eller administrasjonssjefen krev det.
- *Gje fråsegn til formannskapei ved omfattande effektiviseringstiltak som berører det tilsette*

DEL IV – ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT ANSVAR OG MYNDE

4.0. Administrasjonssjefen har delegert ansvar og mynde frå kommunestyret til å fatte ikkje prinsipielle vedtak innafor saksområdet og til å gjennomføre tiltak som er i tråd med vedtekte årsbudsjett - når slike vedtekte handlingsplanar ikkje krev prinsipielle vedtak i politiske utval ifølgje vedtak, lov, reglement eller retningsliner.

DEL V - DELEGERING I BUDSJETTSAKER

5.0. Heimel

Dette reglementet som delegerer mynde til formannskap, hovudstyre og administrasjonssjef, er vedteke med heimel i Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova av 25.09.92) og med heimel i forskrifter om delegasjon i budsjettsaker, dagsett 27.10.93, fastsett av Kommunaldepartementet i brev av 16.11.93.

5.1. Målsetting

Målsettinga med dette reglementet er å sikre ei effektiv og forsvarleg økonomiforvaltning i Vestnes kommune. Vidare å gje dei folkevalde eit tilfredsstillande avgjerdsgrunnlag.

5.2. Reglar om delegering av ansvar og mynde.

Med delegering av budsjettmynde meiner ein her at eit overordna organ tildeler eit underordna organ mynde til å gjere vedtak innafør eit nærare definert ansvarsområde. Slik mynde kan også delegerast til administrasjonssjefen i saker som er av ikkje prinsipiell karakter.

5.3. Generell fullmakt til å disponere vedteken løyving

- 5.3.1. Formannskapet og hovudstyra har med dei avgrensingar som punkt 4.5 inneheld, ei generell fullmakt til å foreta ei fordeling av kommunestyret si vedtekne løyving til dei einskilde områda innafør kvart einskild ansvarsområde. Fullmakta gjeld berre innafør dei vedtekne årsbudsjetttrammene.
- 5.3.2. Administrasjonssjefen *får delegert* tilvisningsmynde for heile kommunebudsjettet. Administrasjonssjefen kan delegere vidare til sine underordna.

5.4. Avgrensingar i fullmaktsbestemmelsane

- 5.4.1. Disponering av løyvinga skal vere i samsvar med dei føresetnader og prioriteringar som er grunnlaget for kommunestyret sitt budsjettvedtak.
- 5.4.2. Fullmakta etter punkt 4.4 gjeld ikkje:
 - vesentlege endringar i høve til dei oppførte utgifter og inntekter, jamfør kommunelova § 47. Vesentlege endringar i denne samanhengen er særleg slike som endrar budsjettbalansen i planperioden
 - disponering av meirinntekter frå sjølvfinansierande tiltak (til dømes frå kloakk og renovasjon) til andre føremål i budsjettet
 - forpliktingar i samband med lov- og avtalar
 - tiltak som truleg vil påføre kommunen økonomiske forpliktingar ut over økonomiplana sine rammer og føresetnader for standard og servicegrad
 - nye låneopptak/ garantiansvar

5.5. Fullmakt til formannskapet.

Med heimel i punkt 4.4 ovanfor vert det gjeve fylgjande fullmakter til formannskapet:

- 5.5.1. Å overføre beløp i driftsbudsjettet frå eit underkapittel til eit anna underkapittel for å styrke andre postar i drifts- og kapitalbudsjettet innafør sitt ansvarsområde eller innafør område som ikkje er lagt til andre organ.
- 5.5.2.. Å auke ein utgiftspost innafør drifts- og kapitalbudsjettet dersom det skjer ved bruk av midlar avsette til dette føremålet og tilsvarande mynde ikkje er lagt til andre.
- 5.5.3. Tilsvarande fullmakt gjeld for meirinntekter som må sjåast i samanheng med normal drift eller som er øyremerkta til eit bestemt formål.
- 5.5.4. Foreta omfordelingar mellom prosjekt i kapitalbudsjettet under føresetnad av at endringane ikkje fører til at den samla utgiftsida i kapitalbudsjettet aukar.
- 5.5.5.. Å nytte løyvinga på kapittel 1.199 til å overføre beløp til styrking av andre budsjettpostar innafør den samla driftsrekneskapen for kommunen.
- 5.5.6. Å omgjere avsetningar så langt det er naudsynt for å gjere opp rekneskapen utan underskot.

5.6. Fullmakt til hovudstyra

Med heimel i punkt 4.4 ovanfor vert det gjeve følgjande fullmakter til hovudutvala.

- 5.6.1. Å gjere endringar i driftsbudsjettet ved overføring av beløp frå eit underkapittel til andre underkapittel i driftsbudsjettet innafor sitt ansvarsområde.
- 5.6.2. Disponere løyvinga på eigen post for tilleggsloyvingar.
- 5.6.3. Bruk av ubundne fondsmidlar innafor sitt ansvarsområde, til styrking av sektoren sitt budsjett.

5.7. Fullmakter til administrasjonssjefen

Administrasjonssjefen får fullmakt til:

- 5.7.1. Å gjere endringar i driftsbudsjettet ved overføring av beløp frå ein post til andre postar innafor same underkapittel, så langt slikt mynde ikkje er lagt til andre organ.
- 5.7.2. Å auke ein utgiftspost i driftsbudsjettet eller kapitalbudsjettet dersom det skjer ved tidlegare avsette og bundne midlar til dette føremålet.
- 5.7.3. Å sjå utgiftspostar og inntektspostar under eitt innafor same underkapittel.
- 5.7.4. Å overføre beløp innafor same sektor i driftsbudsjettet i tilfelle der dette må reknast som kurant.

5.8. Ekstraordinære tilhøve

Vestnes kommunestyre kan setje dette reglementet til side i ekstraordinære økonomiske tilhøve, til dømes ved stor inntektssvikt og/eller vesentlege endringar i rammevilkåra for kommunen, statlege overføringar m.v.

5.9. Vedtak, iverksetting og endring av reglementet.

5.9.1. *Dette reglementet er vedteke i Vestnes kommunestyre den / 2003, og vert iverksett straks. Frå same dato er tidlegare vedteke delegreringsreglement sett ut av kraft.*

5.9.2. *Endringar i dette reglementet kan berre gjerast av kommunestyret*